



**ALVER**  
KOMMUNE

# Fondsvedtekter

**Fond for kommunalt  
følgje på ferie- og fritidsreise for  
personar med  
nedsett funksjonsevne**

Vedtatt i Alver kommunestyre 00.00.21





## **Fondsvedtekter**

### **- Fond for kommunalt følge på ferie- og fritidsreiser for personar med nedsett funksjonsevne**

**Heimel:** Vedtak Alver kommunestyret 00.00.21 sak 00/21

#### **1. FØREMÅL**

Fond ferie- og fritidsreise er knytta til «Retningslinje for kommunalt følge på ferier- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne».

Kommunale fondsmidlar er eit tilbod om tilskot til personar som gjennomfører tur jamfør retningslinja.

#### **2. MÅLSETTING**

Fondet skal bidra med økonomisk støtte til den einskilde ved gjennomføring av ferie- og fritidsreise.

#### **3. KVEN KAN SØKJE**

Fondet er eit tilbod til innbyggjarar i Alver kommune.

Det er eit krav at søker har nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk) samt trong for kommunal ledsager for gjennomføring av ferie- og fritidsreise jamfør gjeldande retningslinje. Ordninga er ikkje knytta til diagnose eller alder. Krav til dokumentasjon følgjer av søknadsskjema.

#### **4. KORLEIS SØKE**

Ein skal nytte kommunalt søknadsskjema:

«Alver kommune - Søknad om kommunalt følge på ferier- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne»

#### **5. FOND**

Årleg sum fondsmidlar vert vedtatt av kommunestyre jamfør budsjetthandsaming. Kommunestyret står fritt til å gjere endringar knytta til fondsmidlane.

Om vedtatt årleg sum fondsmidlar ikkje strekk til jamfør søknadstal kan kommunestyret vurdere å auka ramme for inneverande år.

Ubrukte fondsmidlar kan overførast til påfølgande år.

#### **6. SØKNADSRIST OG TILDELING**

Det er ikkje søknadsfrist for ordninga jamfør retningslinje.

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av fondsmidlar til rådmann. Rådmann avgjer søknadene som kjem til kommunen.



## **7. VILKÅR**

7.1. Fondsmidler vert ytt som fastsett kronebeløp knytta til kombinasjon tal reisedøgn og tal kommunalt personell per tur.

- a) Ved ferie- og fritidsreise med 1-3 overnattingar er det mogleg å få tilskot for inntil 3 kommunalt tilsette per tur.
- b) Ved ferie- og fritidsreise med minst 4 overnattinger er det mogleg å få tilskot med inntil 4 kommunalt tilsette per tur.
- c) Ved ferie- og fritidsreise med minst 6 overnattinger er det mogleg å få tilskot for inntil 5 kommunalt tilsette per tur.

Fastsett tilskotssum per kommunalt tilsett per tur vert sett til kr. 2.500,-.

7.2 Det føreligg ikkje prioriteringskriterie i høve til målgruppe jamfør retningslinje. Inkomne søknader vert handsama fortløpande.

7.3 Fastsett tilskotssum kan verte endra relatert til årleg budsjetthandsaming, evaluering av prøveperiode 2021 – 2022 samt erfaring med søkjartal.

7.4 Tilskot skal nyttat jamfør føremål for ordninga og søknad. Tilskot vert utbetalt til søkjar etter gjennomført tur. Vert faktisk gjennomføring av tur korrigert jamfør opprinneleg søknad kan kommunen justere tilskot tilsvarande.

## **8. KONTROLL**

8.1 Mottakar av tilskot har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast. Det er krav om at alle utgifter må kunne dokumenterast.

8.2 Kommunen sin revisor kan kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i fondet.

## **9. KLAGE**

Det er ikkje klagerett på ordninga i prøveperioden 2021 – 2022.